

Medlemmane i fylkestinget

## Innkalling til møte i fylkestinget 10. desember 2019

Fylkesutvalet har vedteke å kalle inn til møte i fylkestinget:

### Tysdag 10. desember 2019, kl. 14.00 på Quality Hotel Sogndal i Sogndal kommune

I samsvar med fylkesutvalet sitt vedtak og i medhald av Kommunelova av 25.september 1992, vert du hermed kalla inn til møte i fylkestinget.

<b>Program:</b>	kl. 12.00	Felles lunsj
	kl. 13.00	Møte i fylkesutvalet som klagenemnd
		Møte i fylkesutvalet
	kl. 14.00	Møte i fylkestinget

10. desember kl. 19.30 vert det avsluttande middag i samband med at dette er siste tingsamling i valperioden 2015-2019, og siste fylkesting i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Middagen vert på hotellet. Det er bestilt overnatting til 11. desember og eg legg til grunn at alle deltek på den avsluttande middagen. Dersom du ikkje ynskjer overnatting, gje melding om det til [marit.silje.husabo@sfj.no](mailto:marit.silje.husabo@sfj.no). Eg legg til grunn at tingseta vert avslutta 10. desember.

Det er pliktig frammøte til fylkestinget. Dersom du meiner at du har lovleg forfall, ber eg om at søknad om forfall, stila til fylkesordføreren, snarast mogeleg vert sendt per e-post til: [svein.hagard@sfj.no](mailto:svein.hagard@sfj.no), med kopi til [marit.silje.husabo@sfj.no](mailto:marit.silje.husabo@sfj.no). Søknaden må vere grunngjeven og godkjent av gruppeleiaren. Fylkesordføreren tek stilling til søknaden.

Kost og reiseutgifter vert refunderte med utgangspunkt i frammøte tysdag 10. desember 2019. Tidspunkt for frammøte fastset gruppene sjølve ved innkalling til gruppemøte.

Når det gjeld bruk av eigen bil, viser eg til regulativet for fylkeskommunalt tillitsvalde. Dette finn du i «Arbeidsvilkår for folkevalde» på heimesida til fylkeskommunen, [www.sfj.no](http://www.sfj.no) – Politikk > For politikarar > Reglement og rutinar. Kap. 6 lyder:

*Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet. Utgangspunkt og returpunkt for reisene skal vere folkeregisteradresse. For studentar kan studiestadadressa reknast som utgangspunkt og returpunkt dersom dei reiser på rimelegaste måte. Fylkesutvalet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt. Fylkestingsmedlemer som bur heime eller privat under tingseta skal ha kost- og overnattingsgodtgjersle etter regulativet, men slik at dagane vert rekna som ei samanhengande reise.*

Eg minner om at dei som nyttar eigen bil pliktar å samordne reisa med andre tillitsvalde.

Saksførelegg til sakane som skal handsamast vert sendt dykk elektronisk i OneNote. I tillegg vert dei publisert på heimesida - [www.sfj.no](http://www.sfj.no).

Med helsing

 Jenny Følling  
 fylkesordfører

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*